

Styremøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit 30.09 2011 på Reset i Førde

Tilstades:

Halvar Espeseth
Lars Nesse
Eva Høydal
Lene Engvik Rasch

Saksliste:

Sak 33/11: Referat og meldingar

- Eva har vore på avlsmøte på geit i Skei, arrangert av Jølster Sau og Geit. Dei hadde invitert avlskonsulenten frå NSG, Ingrid Rimeslåtten Østensen, om å komme til Jølster for å halde eit føredrag om avl på geit. Tema var mellom anna: Avlsmål og avlsframgang, berekningar av indeksar, kåring, seminkurs, kvifor ein driv med avl, og korleis få betre avlsframgang. Deltakarane var svært positive til tiltaket og signaliserte at dei kunne tenkje seg 4 slike faglege samlingar for året. Jølster Sau og Geit er positiv til å ta på seg å arrangere fleire slike samlingar, og Sogn og Fjordane Sau og Geit støtter opp om dette.
- Lars oppdaterte styret om situasjonen omkring rovdyr: Lisenskvoten på jerv i region 1 er sett til 5 dyr. 3 av disse er øyremarka indre Sogn, og 2 er for heile region. Jaktperioden er frå 10/9 - 15/2. Det er dokumentert dyr drepen av jerv i Årdal og Luster denne beitesesongen. Det vart og opna for lisensjakt på bjørn. Jakttida her er frå 21/8 - 15/10.

Det skal vere eit møte i Lom 13-14 oktober, mellom rovviltneemdene i region 1 og 3.
- Lene la fram førebels forslag til infoskriv til lokallaga, og fekk innspel på dette.

Sak 34/11: Geiteulukka i Kjøsnesfjorden

Ein buss køyrde inn i ein geiteflokk på rv 5 i Kjøsnesfjorden i Jølster tidlegare denne sesongen. Dette resulterte i at opp mot 20 dyr vart drepne eller skadd. Sjøføren melde sjølv frå om uhellet. Det er blitt ordna med advokat, og bonden får dekt tapa. Vegvesenet ynskjer at dei set opp gjerde på utsette stader, men at bøndene tek vedlikehaldet.

Vedtak:

Me vil jobba for at vegvesenet set opp gjerde og tek vedlikehaldet. Me vil og undersøkje refleks i øyremerke.

Sak 35/11: Agro Nord Vest / Leiarsamling 3. – 5. nov. Hotell Alexandra i Loen

Det er bestilt 2 møterom til fredag. Me disponerer tida frå 10.15- 15.00 på fredag. Me blei einige om dette programmet, som no er sendt ut til lokallagsleiarane saman med invitasjonen:

10.15 Grupperarbeid –styremedlemmane og lokallagsleiarane

Denne tida vil bli brukt til å oppretthalde/ betre kontakten mellom styret i SFSG og lokallaga. Her vil me mellom anna diskutere kva forventningar me har til kvarandre. Kvar styremedlem skal fungere som ”fadder” for lokallagsleiarane på si gruppe. Denne ordninga blir varig. Ta med lagsperm!

11.30 Lokallaga si halvtime

12:30 *Lunsj*

12.45 Bygg til sau

13.40 **Tine**
Nortura
Geit i vekst, fylkesmannen

I forkant av gruppearbeidet vil me vil utarbeide nokre felles spørsmål som me vil stille lokallagsleiarane. Me tek sikte på eit styremøte i løpet av samlinga.

Sak 36/11: Representantskapsmøte 19. og 20 oktober

Leiar og sekretær var innkalla, men Lene har takka nei. Me drøfta programmet til møtet, kor eit av tema var saueavl. Det har vore diskutert om ein skal slutte å gje tilskott til avlsarbeid på små rasar som pelssau, spelsau og sjeviot. Særleg pelssau har vore diskutert. Viss det blir avstemning vil SFSG stemme for at ein held fram med å gje slike tilskott. Dette er i tråd med avslaget her sitt ynskje.

Me stilte spørsmål om kva som låg i ”utmark/ rovviltsaker”.

Sak 37/11: Strategiplan for Sau og Geit, høyring

Me hadde inga merknadar til strategiplanen.

Sak 38/11: Opplæring av bruk av lesestaven til Biocontrol

Biocontrol har lansert ein lesestav (HHR 3000 Pro) som selges av OS ID. Med denne kan ein registrere data i samband med paring, fostertelling og veiing. Informasjonen kan overføres til Sauekontrollen Web. Det er mogleg å få til kurs med opplæring viss det er interesse for det i lokallaga.

Sak 39/11: Ymse

- **Rekneskap:** Me gjekk igjennom rekneskapet, og det såg greitt ut.
- **Fjelldag i Lærdal:** Det blei utgifter på over 6000 kr til transport på denne turen. SFSG var medarrangør, og betalar halve summen. Det blei diskutert om deltakarane på slike turar burde betale ein liten sum.
- **Lisensjakt:** Det blir føreslege at dette kunngjerast i lokalavis, og at grunneigarar som ikkje ynskjer jakt på sine område, melder i frå. Spørsmålet er om det då vil bli ein del som ikkje får med seg kunngjeringa.

Ref: Lene E.Rasch